



## BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet,  
innvandringsavdelingen  
Postboks 8005 Dep  
0030 OSLO

v/ Synøve Eriksen Skedsmo

Vår ref:  
19/01335-2

Saksbehandlar:  
Anders Prydz Cameron

Dato:  
9. mars 2020

### **Høringssvar - forslag til endringer i utlendingsloven og -forskriften om omsorgsansvaret for enslige, mindreårige asylsøkere mellom 15 og 18 år i mottak mv.**

Barneombudet viser til høringsnotatet som er datert 16.12.2019 med forslag om å lovfeste ansvaret for omsorga for einslege mindreårige asylsøkjarar mellom 15 og 18 år i mottak. Barneombudet støtter intensjonen om å regulere omsorga for einslege mindreårige asylsøkjarar, men vi kan ikkje støtte forslaget i si noverande form.

#### **Regulering av diskriminerande praksis**

Departementet foreslår å lov- og forskriftsfeste gjeldande praksis der Utlendingsdirektoratet (UDI) har omsorga for einslege mindreårige asylsøkjarar mellom 15-18 år. Standarden på tilbudet til denne gruppa skal etter forslaget vere lik som i dag – eit enkelt, men akseptabelt tilbud som skal vere forsvarleg. Dette er ein praksis som gjennom år har vore kritisert for å vere diskriminerande, noko som seinast i 2018 er stadfesta av både [FN sin menneskerettskomité](#) og [torturkomité](#). Begge FN-komiteane ber norske myndigheiter syte for at einslege mindreårige asylsøkjarar får omsorg av tilsvarende kvalitet som barn i barnevernet. FN sin barnekomité understreka òg i sine [merknadar til Norge i 2018](#) at staten må gje omsorg av god kvalitet til einslege mindreårige asylsøkjarar over 15 år. Norges institusjon for menneskerettar har i sin [temarapport frå 2016](#) slått fast at gjeldande praksis er diskriminering i strid med barnekonvensjonen, noko Barneombudet og fleire tunge aktørar i sivilsamfunnet har påpeikt sidan dagens ordning vart innført i 2008.

Departementet skriv på side 6 i høringsnotatet at Norge har eit alderstilpassa tilbud til einslege mindreårige asylsøkjarar, og at departementet meiner det ikkje er diskriminering å bruke fleire ressursar på dei yngste barna, så lenge alle einslege, mindreårige asylsøkjarar blir gjevne eit tilstrekkeleg tilbud om omsorg ut frå alder.

Kritikken mot forskjellshandsaminga går nettopp på at tilbudet for aldersgruppa 15-18 år ikkje er likeverdig med tilbudet til einslege mindreårige asylsøkjarar under 15 år og heller ikkje med norske barn i alderen 15-18 år utan omsorgspersonar<sup>1</sup>. Vidare at det ikkje ligg føre ein sakleg og rimeleg grunn til å gje einslege, mindreårige asylsøkjarar over 15 år eit tilbud som ikkje er likeverdig med det som vert gjeve til gruppa under 15 år. Tidlegare har grunnen for forskjellshandsaminga vore økonomi. I høringsnotatet endrar departementet grunnen for

---

<sup>1</sup> Alvorlege manglar ved omsuta for einslege mindreårige asylsøkjarar i mottak er dokumentert i ei rekke rapportar, mellom anna av Fafo i rapporten [«Et trygt sted å vente» \(2016\)](#)

forskjellshandsaminga til at tilbodet skal være alderstilpassa. Dette er ikkje vidare grunngeve, og vi kan ikkje sjå at dette fyller dei menneskerettslege krava til at forskjellshandsaminga skal ha ei sakleg grunn og vere rimeleg. Etter Barneombodet sitt syn inneber forslaget derfor ei lovfesting av ei diskriminerande praksis.

### **Kva må på plass for å sikre eit likeverdig tilbod?**

Departementet har ikkje greia ut kva som må vere på plass for å sikre einslege mindreårige asylsøkjjarar mellom 15 og 18 år eit likeverdig tilbod som norske born utan omsorgspersonar og einslege mindreårige asylsøkjjarar over 15 år. Den enklaste og beste løysinga er å overføre ansvaret for einslege mindreårige over 15 år til barnevernet, slik at dei same regla gjeld for alle, uavhengig av alder. Dette kan til dømes gjerast som del av regjeringa sitt pågåande arbeid med ny barnevernlov.

Ei mindre praktisk og dårlegare løysing som likevel kan hindre diskriminering av einslege mindreårige asylsøkjjarar over 15 år, kan vere å regulere omsorga for denne gruppa i anna regelverk, til dømes utlendingslova og -forskrifta. Ei slik regulering må sikre at tilbodet faktisk er likeverdig. Departementet bør utgreie dette nøye, men mellom anna må det verte stilt tilsvarende krav til bemanning og kompetanse i mottak som i institusjonar i barnevernet, kravet til kva som er utgjør eit forsvarleg tilbod må konkretiserast og det må vere eit uavhengig tilsyn som kan sikre at UDI og driftsoperatørane held seg innafor krav i lov og forskrift.

### **Anbefaling frå Barneombodet**

Barneombodet anbefaler at regjeringa overfører omsorga for alle einslege, mindreårige asylsøkjjarar til barnevernet. Viss regjeringa ikkje ynskjer å overføre omsorga, bør reglane i utlendingslova- og forskrifta syte for at mellom anna krav til kva som er forsvarleg omsorg, kompetanse, bemanning og tilsyn sett likeverdige standardar for omsorg som reglane i barnevernet.

Venleg helsing

Inga Bejer Engh  
barneombod

Anders Prydz Cameron  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.